



Stort & Smått – August 2011.

2.august: Nils T. Skylstad vart klassevinnar (50-54 år) i Eggjenipa Opp, arrangert av Breimsbygda IL

5.august: Meldt om stor trimiver på posten ”Brune” i Straumgjerde. Trimbok nummer tre for sesongen var lagt ut.

Tidleg i august vart det òg meldt om sterk NM-innsats av Henrik Johan Holmberg. I ungdoms-NM vart det bronsemedalje i høgdehopp og sølv på 110 meter hekk. Seinare i månaden tok han sterk fjerdeplass på korthekk under senior-NM på Byrkjelo.

7. august: Då kom resultatane frå Saudehornet Opp, der VIL var representert med fire deltakarar. Kjell Magnar Berli nummer 5 i klasse 23-34 år med 1.03.27. Jo Andre Tandstad nr. 19 i same klasse med 1.24.15. Nils Terje Skylstad nr 1 i klasse 50-54 år med 1.10.28, og Olaf Øien nr.2 i klasse 65-69 år med 1.40.12.

13.august: Skåla Opp – 8,2 kilometer langt motbakkeløp med start i Loen og mål 1848 meter over havet. Langt over 1000 deltakarar totalt. Med våre to gjekk det slik:

Kjell Magnar Berli nr. 33 i klasse 23-34 år med 1.35.43

Jo Andre Tandstad nr.75 i same klasse med 1.52.19

14. august: Fetvatnet Rundt samla 111 deltakarar under gode forhold. Flest syklistar. Alf Petter Bøe vart raskaste løpar med 29.27. Kenneth Fet raskaste syklist med 15.51. Sosial samling i Pål og Turid sin hage

19.august: Aktivitetskveld på Dalemyra med idrettsmerkeprøver, null-løp, miniterrengløp, spydkast, hesteskokasting, morellesteinspytting med meir. God deltaking.

27. august: Stafettdagnaden Ramstaddalsløpet arrangert for fjerde gong. 48 løparar frakta pinnen rundt på tida 3.43.45 – det beste nokon sinne. Yngste deltakar to år. Eldste 100 år. Fire generasjonar frå Larsgarden på Hjorthol.



27.august: Rolf Haxthow sykla Birkebeinerrittet som den einaste frå VIL. Tida 4.11.53 var ganske nær merketida i M 55-59 år. Per Steinar Linga som vanleg beste sykkyllving i rittet.

30.august: Melde vi at idrettsskulen skal ha jubileumstur (20 år) til Orreneset i haust

31.august: Foto av VIL sitt stafetlag i Strandastafetten for om lag 60 år sidan. Og det vart meldt at trimgruppa sin paviljongtur til Roalden i september diverre måtte utsetjast.

ELLES: Takk til 75 grasrotspelarar for 1510 kroner, det vart registrert 2435 treff på nettsida og medlemstalet var 190 betalande, æresmedlemar inkludert

Du kan lese meir om desse – og andre saker - på: www.velledalen.net - link til Velledalen IL

Ynskjer du støtte VIL med grasrot pengar – org. nummer: 975 671 984

Du er velkomen som medlem: kontonummer: 4045 10 23537

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.